

Byggmester Jørn Karlsen  
Unnelandsvegen 251  
5268 HAUKELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5754 - 22/64638

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
27.08.2022

## Løyve til oppføring av standplass til skyting - gbnr 438/73 Helland

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 929/22**  
**Tiltakshavar:** Radøy Skyttarlag  
**Ansvarleg søker:** Byggmester Jørn Karlsen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

**Det vert gjeve løyve for oppføring av standplassbygg og skivearrangement på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 06.09.2019 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk]

**Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.**

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av standplassbygg med bygd areal (BYA) ca. 103 m<sup>2</sup> og skivearrangement. Utnyttingsgrad er opplyst til 5,9 % BYA.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, oppføring av standplassbygg og skivearrangement, andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.07.2022.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 25.07.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Eigedom ligg i regulert område som er regulert i Reguleringsplan for Haukåsen-skytebane plan-id 12602006000600. Tiltaket ligg i område som er regulert til allmennytig forsamlingslokale, skyttarhus - føremål. Omsynsone: skytebane.

### **Dispensasjon**

Det er vår vurdering at tiltaket er i samsvar med godkjend regulering og det er ikkje krav til dispensasjon.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det ligg ved søknaden sikkerhetsmessig godkjenning av planer for skytebananlegg Haukåsen. Godkjenninga er gjeve Hordaland politikammer 12.04.1995 og gjeld aktuelle planar for området sikkerhetsmessig. Hordaland politikammer forutset at banene vert bygd i henhold til «Forskrifter om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebaner.»

Hordaland Politikammer skriv at før bana vert tatt i bruk, skal det føretakast ny befaring. Det skal føreliggje godkjent skytebaneinstruks, samt at det skal føreliggje godkjenning frå politimeisteren i Hordaland.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 06.09.2019.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Omsøkt bygg er vist med gesimshøgd 3,450 meter og mønehøgd 5.000 meter.

Byggets grunnplan er vist med kotehøgd ca. + 41.20

### **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

### **Tilkomst, avkørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg.

Avkørsle til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

### **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av standplassbygg. Teikningar/snitt viser plassering i høve til terrenget.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

### **Avfallsplan**

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **VURDERING**

#### **Sikkerhetsmessig godkjenning**

Alver kommune legg til grunn Hordaland politikammer sin sikkerhetsmessige godkjenning av planer for skytebaneanlegg Haukås, datert 18.04.2022. Denne godkjenninga gjeld alle planlagde anlegg som er godkjent i reguleringsplanen.

Det er sett vilkår i godkjenninga at før bana vert tatt i bruk, skal det føretakast ny befaring. Det skal føreliggje godkjent skytebaneinstruks, samt at det skal føreliggje godkjenning frå politimeisteren i Hordaland.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslas i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.

- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikke gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikke ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehava i løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikke avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikke er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/5754**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jon Magne Soltveit Gabrielli      Øvre Soltveit 11      5939      SLETTA

**Mottakarar:**

Byggmester Jørn Karlsen	Unnelandsvegen 5268 251	HAUKELAND
Radøy Skyttarlag	Radøyvegen 5936 1739	MANGER